



Dette er den første planleggingsdagen framfor starten ved Uskedalen oppvekstsenter og skulen er sterkt prega av rydding og vask. Barnehagen har allereie vore i gang ei tid medan skulen startar onsdag. Staben har i dag vore på plass og jobba hardt med tilretteleggjinga og i den finn ein også nokre nye ansikt. Dei er samla på biletet over:

Foran sit dei nye på skulen, frå venstre:

- * Mona Hellevik, nyutdanna frå HSH på Stord, skal ha 5.trinn, 50 prosent stilling.
- * Aud Jorunn Seim, kjem frå Bringedalsbygda, kontaktlærer for 7. trinn, 100 prosent stilling.
- * Maria Larsen, tidlegare vikar i uskedalen, no 80 prosent stilling, 5.,6. og 7. trinn

Bak står dei nye i barnehagen, frå venstre:

- * Marianne Lofthus Aakre, førskulelærer i 90 prosent stilling, tidlegare Husnes ungdomsskule
- * Tanja Bringedal, pedagogisk leiar, 100 prosent stilling, tidlegare Husnes ungdomsskule..

Administrativt er den endringa skjedd at Odd Steinar Arnesen har vorte rektorvikar.

Av verksemdsplanen for det skuleåret som no blir innleia går det fram at leseutvikling er eitt prioritert område på skulen.

Tilbod om leksehjelp er nytt. Kommunen har plikt til å tilby leksehjelp til alle elevar på 1.-4. årssteg og hjelpa skal vera gratis og friviljug for elevane

Skulen og barnehagen har vedteke å satsa vidare på prosjektet 'Trenghet på

biblioteket'..

Alle elevane skal nytta seg av biblioteket minst ein gong i veka. Universitetet i Agder avsla søknad om støtte, men skulen vil søkje pånytt neste år. Derimot fekk dei støtte frå nynorsksenteret i Volda og kommunen.

Timeplanen er ikkje endra frå siste skuleåret. Det blir haustferie frå 10. til 14.oktober og sannsynleg julemesse og grantenning 2. desember. Måndag 2. januar er første skuledag etter juleferien som startar 20.desember. Vinterferien er frå 27. januar til 2. mars og påskeferien frå 2. april til 9. april.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Stor aktivitet på oppvekstsenteret i dag: Manolita Røsland og Soada Jaskyte i arbeid på rektorkontoret.